

ESTETISK RETTLEIAR TIL KOMMUNEDELPLAN FOR NÆRBØ SENTRUM



Innhaldsforteikning

1. Innleiing 3
2. Bumiljø og uteoppahldsareal 4
 - 2.1. Indre gards uteoppahldsareal 4
 - 2.2. Kopling mot grøntstruktur 5
3. Tiltak for skjerming av vind og ver 6
4. Samferdsel og parkering 8
 - 4.1. Utforming gateløp 8
 - 4.2. Bilparkering 10
5. Møteplassar og grøntstruktur 11
 - 5.1. Materialbruk 12
 - 5.2. Sambruksareal / Shared Space 13
 - 5.3. Understeka gate og plassrom 16
 - 5.4 Uformelle møteplassar 16
 - 5.5. Grøne gangsamband 17
6. Kulturvern 19
 - 6.1. Utforming av nybygg i historisk miljø 19
7. Estetikk og utforming 20
 - 7.1. Tiltaket sin funksjon 20
 - 7.2. Fasadesprang 20
 - 7.3. Hjørnebygningar 20
 - 7.4. Privat parkering og andre privatiserande funksjonar 21
 - 7.5. Fasadar på parkeringsanlegg 21
8. Aktive fasadar 22
 - 8.1. Innanfor sentrumskjerne / utanfor sentrumskjerne 22
 - 8.2. Trappetårn og svalgangar i aktive/opne fasadar 23
 - 8.3. Trappetårn og svalgangar ellers 23
9. Belysning 24
10. Blågrøn faktor / overvatn 25

1. Innleiing

Hå kommune har sett krav til at det skal utarbeidast ein estetisk rettleiar i forbindelse med kommunedelplanen for Nærø sentrum. Estetisk rettleiar skal saman med planforslaget sikra kvalitet og heilheitleg sentrumsutbygging. Utviklinga av Nærø sentrum vil skje over lengre tid og utførast av forskjellige utbyggjarar. Det er derfor viktig at alle har ei felles forståing av kommunedelplanen for Nærø sentrum, og at kravspesifikasjonar som gjeld heile sentrum ivaretakast.

Denne rettleiarene er basert på vedtekne «Midlertidige retningslinjer for Nærø sentrum» og tidligare arbeidsnotater som er lagt fram for kommuneplanutvalget. Rettleiarene er meint som ei supplering til plantema i føresegna, og gje ei meir utfyllande forklaring til desse.

Tidligare saker legg blant anna opp til meir fokus på sosiale rom i sentrum. Eit viktig poeng er at innsatsen skal konsentrerast i eit meir avgrensa sentrum der det skal vektleggjast synergiar mellom andre formål som kultur, service og tenesteyting for å stimulera til eit levande sentrum. Det er også viktig at nye bygg skal tilføra sine omgivelsar ein meirverdi, med spesielt fokus på grøntstruktur og møteplassar.

Estetisk rettleiar for utforming av bebyggelse og uterom har følgjande hensikt:

- Sikra at sentrum framstår som meir oversiktleg og strukturert, samtidig som det skal leggjast til rette for eit levande og attraktivt sentrum gjennom å stimulera aktivitet og skapa gode møteplassar for alle mål-

grupper.

- Definera hovudprinsipp for eit nytt sentrum med avstemming mot nabobygg, kvalitetskriterier og materialbruk.
- Sikre at nye utbyggingsprosjekt tek hensyn til og gjer meirverdi, til omgjevnadane.


Det er viktig at nye utbyggingsprosjekt bidreg meir til omgjevnadane enn det som er praksis i dag. Det er ei tendens til at nye utbyggingsprosjekt fokuserar på pris og effektivitet, istadenfor å sjå prosjektet i ein større samanheng som sikrar heilheitlege løysningar.

Det er avgjerande at me vidareførar dei midlertidige retningslinjene sitt krav om at tiltakshaver skal utarbeida eit skriv om kva kvalitetar utbyggingsprosjektet vil tilføra omgjevnadane av estetiske, arkitektoniske og bruksmessige kvalitetar. Utkast med innledande tankar skal tas med til oppstartsmøte/forhåndskonferanse, og ferdig skriv skal leverast som vedlegg til den politiske handsaminga.

Intensjonen er å setja fleire krav for å sikra utbyggingsprosjekt med god kvalitet, og ei bevisstgjering rundt det å tilføra omgjevnadane kvalitetar med sine prosjekt.

2. Bumiljø og uteoppholdsareal

2.1. Bredde- og høydeforhold indre gards uteoppholdsareal



Her er prinsippet at avstanden fra fasade til fasade iskal vere lik eller meir enn 1,5 gonger gesimshøgden for å få inn mest mogleg sol mellom bygg, og dermed gode uteoppholdsareal. I prosjekt som fylger eksisterande bygningsstruktur, kan imidlertid nybygg tilpassast denne, slik at for eksempel eit infill-prosjekt i ein karréstruktur skal flukta med eksisterande fasadeliv mot gate og gårdsrom. Eksisterande bystruktrur kan derfor åpna opp for nybygg sjølv om denne normen ikkje innfris fullt ut.

2.2. Kopling utomhusareal mot grøntstruktur


Det er viktig at folk som bruker området på daglig basis, bruker utearealene og møter hverandre.



Hierarki møteplasser - Gradering mellom privat og offentlig (eksempel fra plan 1160 Trelastvegen)

- | | |
|--|--|
| <ul style="list-style-type: none"> ■ A Offentlig ■ B Semi-offentlig ■ C Semi-privat ■ D Privat | <ul style="list-style-type: none"> - Gate for bil, sykkel og gange. Trivelig trygg og tilgjengelig - Møteplass for folk som går forbi og bor i nærheten. - Her møtes folk som bor i omgivelsene. Unger leker her, det er trygt da beboere har utsikt fra sine private arealer og det er tilgjengelig fra offentlig areal. - Privat område for beboere. Her kan en dekorere slik en vil, observere fellesareal, og ha valget om en vil være sosial. |
|--|--|

Her er vist eit prinsippdiagram over korleis ein koplar eit felles uteoppahaldsareal ut mot offentleg område for å gje mindre strenge skiljer mellom offentleg og privat. På denne måten vil det gjennomgående offentleg areal forgreine seg inn i meir private uteoppahaldsareal og bidra til meir tilgjengelegheit og aktivitet.



Halvprivate uterom og balkongar er attraktivt for bustaden, og bidreg også til aktivitet mot omgjevnadane, og meir kontakt mellom folk som oppheld seg der.



3. Tiltak for skjerming av vind og ver







Anbefalinger

Klimaskjerming

Plan viser utforming av bebyggelse ift. hovedvindretningene på Nærbo. Beplantning eller annen filtrering vil være viktig for å redusere effekten av turbulens ved hjørner og åpninger i bebyggelsen.

Snitt viser hvordan lokale forhøyninger i terrenget samt en opptrapping av bygningshøyder kan være med på å føre vinden over bebyggelsen. Beplantning blir også viktig langs bebyggelsen for å unngå effekten av turbulens.






Her er vist ulike måtar å skjerra for ver og vind, både ved bruk av møblering, beplantning, terrengformasjoner og plassering av bygg.

4. Samferdsel og parkering


4.1. Materialitet og utforming gateløp

Anbefalingar : Form, uttrykk og materialitet

Det bør nyttast materiale av høg kvalitet som også refererer til eksisterande og historiske bygningar. Samtidig kan kontrastar i materialitet, uttrykk og fasadeliv vere med på å framheva dei historiske bygningane sin karakter. Uterom og gateløp bør planleggast med høg andel permeable flater og grøne/blå element. Materialitet og utforming på gateløp og uterom bør framheva bevegelsane til fotgjengrar og syklistar, og bidra til reduksjon av biltrafikk og fart i sentrumskjerna.



Snittet viser forslag til gateutforming i Torggata, med regnbed mot bygga som tar unna for overvatn saman med nedløp i vegen. Regnbeda og buffersona kan med fordel beplantast for å gje gata eit attraktivt og triveleg preg.



Skisseforslag på samanhengende gateutforming i sone 3

4.2. Bilparkering skal ikkje vere til hinder for uteoppphaldsareal

Ved å konsentrera parkeringsareal til avsette områder, kan ein oppnå høgare kvalitet og attraktivitet på områder i sentrum som i dag nyttast til parkering, og gjere det meir tilgjengeleg for syklistar og fotgjengarar.



Trongt og til dels uoversiktlig for fotgjengarar gjer at området framstår som lite inviterande.



God integrering av passasje til parkeringsanlegg i gate og siktlinjeføring, samt harmonerande materialbruk.



Parkeringsanlegg i gate og siktlinjeføring, samt harmonerende materialbruk.




I desse uformelle møteplassane må det tilretteleggast for eit triveleg opphold med variasjon i opplevelsar og måtar å bruka plassane på.

5. Møteplassar og grøntstruktur

Anbefalinger

Grønn struktur

Koblingene mellom de forskjellige byrommene kan planlegges som en sammenhengende grønngstruktur med forskjellig typer beplantning og permeable flater gjennom sentrum. Dette vil være med på å tydeliggjøre nettverket samtidig som det kan bidra til trygging av gangveier og forbedre lokalklimaet i Sentrum.



5.1. Materialbruk



Eksempel på gode val av materiale, og hensiktsmessig bruk av vegetasjon for å bidra til visuelle kvalitetar.



Harmonisk materialbruk mot omgjevnadane



5.2. Sambruksareal / Shared Space

Shared space / sambruk opphevar bilens prioritet i ei gate eller ein plass, og mjuknar opp strenge skiller og soner. Prinsippet byggjar på at motoriserte kjøretøy og fotgjengera kan bevega seg forholdsvis fritt ved at alle tek hensyn til kvarandre, men at fotgjengarar vert prioriterte og ein skapar plassar som er eigna til både bevegelse og opphold. Et sentralt poeng er at alle trafikantar skal forhandla gjennom augekontakt og i samspel med kvarandre.




Ved etablering av shared space / sambruk er følgande prinsipp viktige:

- Det bør informerast at eit område er shared space, for eksempel med skilt for "sambruksareal" eller liknande.
- Heilheitlege og gode løysningar for mjuke trafikantar skal ikkje vika for parkering.
- Vikeplikt for trafikk frå høgre mellom køyretøy er gjeldande, vikeplikt for fotgjengarar gjeld om formålet i området er gatetun.
- Redusera bruk av element og system (f.eks. ledegjerder, overgangsfelt, kantstein) som tydeleg skiljar og definerar avsette areal der ein skal gå, sykla, køyra, osv.
- Køyrefelt kan imidlertid vere fysisk markert for å skapa tryggleik og oversikt; ein veit kor den motoriserte trafikken beveger seg. For å unngå høg fart og "fortrinnssrett" bør køyrefelt kombinerast med kurver, innsnevringar eller andre tiltak.
- Spesiell gatebelegning som ikkje er lik belegninga i andre gater
- Opphøgd felt for trafikken inn i området som både signaliserar at ein kjem til eit spesielt område, og som førar til at motorkøyretøy reduserar farten
- Trafikken bør fortrinnsvis foregå på same plan, eventuelt med ein liten nivåskilnad mellom areal for køyrande og areal for gåande
- Det bør vera rimeleg jamn fordeling mellom ulike trafikantgrupper, i allefall mellom fotgjengerar og bilar.
- Farten bør vera låg, maks 25 km/t.
- Tiltrekka menneskeleg aktivitet gjennom funksjonar i 1. etasje og på bygolvet. Prosjektere designmessige grep, f.eks. innføring av kunst, sitjeelement, som markerar at staden inviterar til opphold og aktivitet.

Anbefalinger




Trafikkflyt, "shared space"

Ved stenging av deler av Jadarvegen og Lyngvegen vil trafikkflyten bli annerledes gjennom Sentrum. Jadarvegen kommer fra sør og avsluttes med en drop-off ved stasjonsområdet. Eksisterende parkering beholdes i sammenheng med drop-off. Torggata vil endre karakter fra Amfi Nærø til Torgsenteret hvor gående og syklende vil bli prioritert.



Anbefalinger


Trafikkflyt, "shared space"



5.3. Understrekka gate og plassrom



Eksempel på fråver av samspel mellom ute og inne, og utflytande uformelt møteareal utan funksjon.



Venstre: Ofte må fotgjengarar forsøra parkeringsplassar for å koma til butikkar og anna service.



Høgre: Plassering av butikken inntil hovudåra, og parkeringsplassar på sida av næringsarealet gjer kortare avstandar for gåande og syklende. Plasseringa inntil fortauet gjer at gaterommet får ei definert og god form.

5.4 Uformelle møteplassar i form av benkar / funksjonar i tilliggande bygg som gjenspeglast utanfor



Det er også viktig i nye prosjekt at dei tilførar det tilliggande offentlege rommet (gata), enten visuelle, arkitektoniske eller bruksmessige kvalitetar. Som biletet til venstre med beplantning og benkar, eller til høgre der kaféen har sitteplassar utanfor.



Uformelle møteplassar kan til dømes vera eit torg, eller der folk møtes utanfor eit inngangsparti. Estetiske kvalitetar i materialbruk og vegetasjon, arkitektoniske kvalitetar i bygg og bruksmessige kvalitetar med kaféfunksjon som forlenges ut på


Anbefalinger

Grønn struktur


Eksempler på byrom i nettverk.




① Turområde




② Randsone - bolig/tuområde




③ Fortau / Gate



④ Gårdstrom / Fellesfunskjoner



⑤ Torg / Byrom



⑥ Stasjonsområdet





Her er det kvalitetar som vannspegl, sitjeplassar og god belysning, som i eksempelet til venstre med ein uformell møteplass langs ein sti. Bildeeksempla viser varierte og enkle bruksmessige kvalitetar som både små og store kan ha glede av.

6. Kulturvern

6.1. Utforming av nybygg i historisk miljø



Utforming av nybygg skal understøtta det historiske uttrykket og strukturen. Moderne tolkningar kan aksepteras, men det skal vere arkitektoniske og estetiske kvalitetar som forheld seg til historiske bygg, som til dømes takform, materialbruk, skala o.l.

7. Estetikk og utforming

7.1. Estetisk utforming i samsvar med tiltaket sin funksjon

7.2. Minst eitt fasadesprang kvar 15. meter



Funksjonen som inngangsparti er her i Lillehammers kunstmuseum markert med ei form med sterke visuelle kvalitetar.



Om det er stilmessige eller estetiske argument for å ha ein flat og lang fasade, skal dette vurderast.

7.3. Hjørnebygningar skal ha ei utforming som gjer heilheitlege fasadar i begge retningar



7.4. Det skal ikke vere privat parkering, lager eller liknande privatiserande funksjonar inntil offentleg areal





7.5. Parkeringsanlegg er ikke tillate eksponert i fasaden mot hovudgater og møteplassar.
Tette fasader er ikke tillete.




8. Aktive fasadar


8.1. Innanfor sentrumskjerne / utanfor sentrumskjerne




Ein fasade der ein kan sjå inn på innsida, og kanskje stikke innom, kan bidra til ein meir variert og triveleg gåtur forbi. Dette i motsetning til lange og lukka fasadar utan brukskvalitetar.



Eksempel på aktiv fasade i sentrumsområde



Eksempel på aktiv bustadfasade utanfor sentrumskjerne



Eksempel på tett fasade som ikkje er tillatt

8.2. Funksjonsorienterte fasadar som i hovudsak består av trappetårn og svalgangar, skal ikkje stikka ut frå fasaden, og er ikkje tillate mot byrom med aktive og opne fasader.

8.3. Der det ikkje er krav om aktive eller opne fasader skal funksjonar som trappetårn og svalgang underordna seg bygget og vera inntil maks 25% av fasaden si lengde.





9. Belysning

Bruk av ulike typar belysning i gater og på møteplassar er viktig for å bidra til tryggleik, framheva estetiske kvalitetar og skapa naturlege leielinjer for mjuke trafikantar. Det anbefalast maks 20 meter avstand mellom lyspunkt i gater og rom som skal vere tilpassa fotgjengera, denne avstanden bidreg også til ein samanhengande opplevelse.



Blending og belysning ovanfrå som skuggelegg ansikt skal unngås.
Det aukar tryggleiksfølelsen å sjå ansikt i mørket frå avstand,
lyskjelder i rett høgde som til dømes ein LED-pullert, vil bidra til dette.



10. Blågrøn faktor / overvatn

Frå Miljødirektoratet sine heimesider :

“Blågrønn faktor - veileding i byggesak

Rapport av Dronninga landskap, Cowi og CF Møller på bestilling av Bærum- og Oslo kommune. Blågrønn faktor (BGF) er et verktøy som skal bidra til å gi grøntområder og uterom høyere status i planprosesser.

Blågrønn faktor (BGF) skal også bidra til å sikre forutsigbarhet for utbygger mht. krav til uterom når det gjelder vannhåndtering, vegetasjon og biodiversitet i byggesaksprosjekter.

I dag blir ofte grøntområder, som ikke omhandler lekeplass, universell utforming og søppelhåndtering lett nedprioritert av kommunene.

Blågrønn faktor vil bidra med å sikre at areal for den blågrønne strukturen blir ivaretatt i byggesaksprosjekter.

Blågrønn faktor kan blant annet bidra til å:

Dempe skader fra kraftigere og mer nedbør.

Bærekraftig overvannshåndtering.

Fremme økologiske og estetiske kvaliteter.

Utvikle jordsmonnet.

Forbedre mikroklima, vann- og luftkvalitet.

Legge til rette for bedre uterom.

Modellen for «grønnflatefaktor» ble opprinnelig utviklet i Berlin. I mange land er den tyske Biotoptflächenfaktor videreutviklet og tilpasset lokale forhold, blant annet i Sverige. Den norske varianten har tatt med det blå elementet (vann tema) og årstidsvariasjoner i regnestykket.”

Her kan også “BLÅGRØNN FAKTOR Veileder byggesak 28.01.2014” lastast ned som rettleiing.